

Referat frå Programstyremøte for spansk språk og latinamerikastudium, onsdag 11. september 2024

Tid og sted: Kl. 12.15 - 14, Møterom 305, HF-bygget

Til stede: Synnøve Ones Rosales, Åse Johnsen, Miguel Angel Quesada Pacheco, Mathilde Sanne (studentrepresentant), Iris Johansen (studentrepresentant), Gita Pattanaik Rongevær (referent)

Dagsorden

1) Godkjenning av dagsorden og referat fra forrige programstyremøte

Godkjent

2) Orienteringssaker

a) Bruk av fagpersonweb.

F.o.m. haustsemesteret 2024 skal alle fag ved instituttet ta i bruk Fagpersonweb til å registrera obligatoriske krav for sine emne.

b) «Forventninger og plikter til studenter ved IF»

Dette er ein modul som no er oppretta i Mitt Uib under «Institutt for fremmedspråk» og alle studentene er både lagt til og informert om denne modulen. Bakgrunnen for denne lanseringa er eit ynske om å førebyggja konflikter som kan oppstå når studentar ikkje er klar over pliktene sine og kva me forventar av dei. Særleg viktig er det at tilsette er merksame på nest siste kulepunktet i lista over plikter/forventningar. Dette gjeld henvendelsar frå studentar ang. gyldig fråvær, behov for utsatt frist, tilrettelegging o.l. Det er viktig at slike henvendelsar blir sendt vidare til følgjande e-post: eksamen@if.uib.no, dette for å sikra at studentane får like svar og lik behandling, noko som også vil førebyggja konflikt.

3) Diskusjonssaker

a) Eksamen hausten 2024.

Sensur vart fordelt i møtet.

b) Undervisningsressursar våren 2025.

Våren 2025 er tre faste i forskingsfri (Kari Salkjelsvik, Ernesto Semán og Xavier Llovet Vilá) i tillegg til at Håkon Tveit har permisjon frå si 20 % stilling. Faget tilbyr framleis KfK-kurs, som tek omlag 55 % stilling av dei lærarane som er tilsette i delstillingar ved faget (Ellen Høisæther, María José Sánchez Olsen og deler av Mihaela Kvamme si stilling). Faget har fått inn vikar for Tveit og for det meste av undervisninga til Llovet Vilá, men stiller likevel svært tynt med ressursar på litteratur/historie/kultursida til våren, med to heile stillingar vekke pluss fagkoordinator sine 192 timar redusert

undervisningsplikt. Faget treng difor om lag 500 timar dersom me ikkje skal tilby online-kurs til våren og om lag 800 timar dersom me skal tilby online-kurs våren 2025.

- c) Status online-kurs framover. Faget misser f.o.m. hausten 2025 stillinga til Miguel Ángel Quesada-Pacheco, og misser såleis timar med undervisning/administrasjon på språksida. Me får inn nokre timar med språkundervisning med stillingar som vert frigjorde frå det avslutta KfK-prosjektet, men faget skal også undervisa monaleg meir på den nye lektormodellen. Oppsummert har me dermed ein god del mindre undervisningsressursar til disposisjon framover.

Faget kan ikkje redusera i den obligatoriske campusundervisninga som går inn i BA-, MA-, lektor, og årsprogramma, og den einaste måten å tilpassa ressursane på å dermed å kutta online-tilbodet som spansk språk og latinamerikastudium har hatt på 100-nivå dei siste åra. Dette er synd, då om lag halvparten av studiepoenga me har produsert på 100-nivå på faget har vore gjennom nettilbodet.

Spørsmålet er dermed om me skal halda fram med nettkurs framover (i alle fall t.o.m. H25, med ekstra ressursar inne på litteratur/historie/kultursida i vår og språksida til hausten), eller om me skal kutta ut nettilbodet allereie frå V25. Faget ynskjer at leiinga skal ta stilling til om me skal halda fram med nettkursa då me ikkje klarar dette utan å få tilført ressursar.

- d) Korleis oppretta eit fagutval. Faget arrangerte pizza- og quizkveld dagen før programstyremøtet, noko som resulterte i ei gruppe på 9 studentar som ynskjer å starta eit fagutval for spansk språk og latinamerikastudium. Denne saka var det difor ikkje behov for å diskutera.

4) Vedtakssaker

- a) Tilbakemelding om forskriftsendring ang. kven som har rett til vurdering i undervisningsfrie semester (midtsemestereksamen/kontinuasjons-eksamen) (sjå vedlegg).
Fagmiljøet og studentar på spansk språk og latinamerikastudium ynskjer å halda på den noverande ordninga og tilby midtsemestereksamen i alle fag.

Programstyret for spansk språk og latinamerikastudium stemmer difor for den eine alternative praksisen som er foreslått av eksamensnettverket ved HF, nemnt i brevet til institutt og senter ved HF av 04.07.24 (referanse: 2024/456-HAMI): «Det er òg eit alternativ å behalde same praksis som i dag, der midtsemestereksamen er hovudregelen på alle emne ved HF.»

- b) Endring i emneomtalen for SPLA312.

Det er ynske frå fagmiljøet om å redusera tida på den munnlege presentasjonen som studentane skal halda på eksamen, frå 20 til 12 minuttar slik at det vert tid til diskusjon etter presentasjonen. Ny formulering i emneomtalen vert: «Vurderinga skjer på grunnlag av ein munnleg eksamen. På den munnlege eksamenen skal studenten først halde ein presentasjon på om lag 12 minuttar om eit tema som blir gitt av faglærar 14 dagar før eksamen.» Endringa vart einstemmig vedtatt.

5) Eventuelt

Studentrepresentantane kom med innspel om at faget bør tilby mogelegheiter for studentar for å øva meir på språket i tillegg til dei vanlege emna. Bakgrunnen er at av 10 lektorstudentar som byrja saman med studentrepresentant Mathilde Sanne hausten 2021, har 9 falle frå. Ho meiner at i alle fall hjå 6 av desse, har manglande språkkunnskapar vore ein hovudgrunn, då dei har funne språket for overveldande. Mange av dei fall frå allereie våren 2022, altså i sitt første semester med spesialisering. Møtedeltakarane diskuterte fram og tilbake om korleis dette kan gjerast, og Johnsen fortalde også om korleis faget våren 2024 tilbydde nettopp dette, men at studentane i liten grad møtte og brukte tilbodet. Det er uansett alarmerande at overgangen frå VGS til universitet er så overveldande for mange. For kull 2021, var ikkje SPLA100 obligatorisk, og Sanne var den einaste studenten frå sitt lektorkull som tok emnet. Ho er også den einaste som framleis er i programmet. F.o.m. denne hausten er SPLA100 obligatorisk i lektorprogrammet og vonleg vil dette bøta på den stygge fråfallsstatistikken. Andre tiltak vil også verta diskuterte framover, men må diverre alltid vegast opp mot knappe ressursar.

